



ÅMLI KOMMUNE
- BYGDA FOR ALLE

NVE, Konsesjonsavdelinga

Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Adresse: Gata 5, 4865 Åmli
Telefon: 37 18 52 00
E-post: post@amli.kommune.no
Org.nr.: 864 965 962
Bank: 2821.07.04800
Eining: Samfunn
Saksbeh.: Olav Vehus
Direkte tlf.: 37185215
E-post: olav.vehus@amli.kommune.no
Vår ref.: 2016/114 - 3 Lnr.: 1119/2016
Dato: 16.02.2016

Konsesjonssøknad - utviding av Harstveitbekken kraft AS - høyringsuttale.

Nedanfor følger høyringsuttale frå planutvalet i Åmli kommune til konsesjonssøknad frå Harstveitbekken Kraft AS.

Spørsmål kring saksutgreiinga og uttalen kan rettast til saksbehandlar.

Uttalen blir berre sendt mottakarane pr e-post.

Med helsing

Olav Vehus
Skogbruksrådgjevar

Kopi til eksterne mottakarar:
Harstveitbekken kraft AS v/Øyvind
Gundersen

Libru 4848 ARENDAL



Utv.saksnr:	Møtedato:	Utvsl:
16/2	15.02.2016	Planutvalet

Arkivref: 2016/114 - 1
Saksbeh.: Olav Vehus, Skogbruksrådgjevar
Eining: Samfunn
Dir.tlf.: 37185215
E-post: olav.vehus@amli.kommune.no

Saksordførar: #

Konsesjonssøknad - utviding av Harstveitbekken kraft AS - høyringsuttale.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG:

Planutvalet vil gje slik uttale.

Kommunen er i utgangspunktet positiv til småskala vasskraftproduksjon, ikkje minst så lenge eigarskapet er forankra lokalt og sikrar lokal verdiskaping. Produksjon av fornybar energi er ein svært positiv tilleggseffekt.

Kommunedelplanen for små kraftverk som bygde på gode lokale prosessar synte at dette var ei satsing lokalsamfunnet slutta godt opp om. Men for å vidareføre dette når det kjem til enkeltsaker – og spesielt prosjekt som ikkje er omhandla i kommunedelplanen - er det viktig med ei korrekt og ryddig behandling.

Kommunen hadde derfor gjerne sett at det vart fremja ein søknad om dispensasjon frå kommuneplanen arealdel, slik at eit vedtak kring dette kunne følgje konsesjonsbehandlinga fram til endeleg avgjerd.

BEHANDLING I PLANUTVALET DEN 15.02.2016

Avrøysting:

Samrøystes for rådmannen sitt framlegg.

VEDTAK I PLANUTVALET DEN 15.02.2016:

Planutvalet vil gje slik uttale.

Kommunen er i utgangspunktet positiv til småskala vasskraftproduksjon, ikkje minst så lenge eigarskapet er forankra lokalt og sikrar lokal verdiskaping. Produksjon av fornybar energi er ein svært positiv tilleggseffekt.

Kommunedelplanen for små kraftverk som bygde på gode lokale prosessar synte at dette var ei satsing lokalsamfunnet slutta godt opp om. Men for å vidareføre dette når det kjem til enkeltsaker – og spesielt prosjekt som ikkje er omhandla i kommunedelplanen - er det viktig med ei korrekt og ryddig behandling.

Kommunen hadde derfor gjerne sett at det vart fremja ein søknad om dispensasjon frå kommuneplanen arealdel, slik at eit vedtak kring dette kunne følgje konsesjonsbehandlinga fram til endeleg avgjerd.

SAKSVEDLEGG GENERERT I INNKALLING:

- 1 Høyringsbrev dat. 15.01.2016 - utviding av Harstveitbekken kraft AS.
- 2 Konesjonssøknad Harstveitbekken kraft AS (side 1-4).

SAKSVEDLEGG SOM LIGG PÅ NETTSIDA:

Store saksvedlegg til saken blir lagt under "Politikk" og "Dokument og linkar til politisk arbeid" på kommunens nettside www.amli.kommune.no

Til denne saka er det følgjande slike vedlegg:

Ingen

ANDRE SAKSDOKUMENT:

Kunngjering
Orientering til høyringspartane
Orientering til søkar
Konesjonssøknad dat 04.12.2015
Konsekvensvurdering overføring av Skrebekk til Harstveitbekken (Rapport 2147 Rådgivende biologer AS)

KORT OM SAKA:

NVE har oversendt konesjonssøknad frå Harstveitbekken Kraft AS til uttale. Søknaden omfattar

- Auke slukeevne frå 0,75 til 1 m3/sekund
- Endre minstevassføringa
- Overføring av Skrebekk til Harstveitbekken via røyrgate og lage inntaksdam nedstraums Ørnetjønn
- Regulering av vannstand i inntaksdammen i Harstveitbekken (maks. 1 m ned og maks. 1 m opp i høve til dagens nivå)

Forventa gevinst

- Produksjonsauke på ca 1 GWh pr år
- Auke handlingsrommet slik at køyringa meir kan tilpassast tidsrom med høgare straumpris.

Søknaden er lagt ut til offentleg ettersyn på kommunens servicekontor fram til uttalefristens utløp, dvs fram til 18.03.2016.

I søknaden frå Harstveitbekken kraft AS dat. 04.12.2015 pkt. 2.6 opplyser søkar at forhold til kommuneplan og behandling etter plan- og bygningslova vil bli tatt opp med kommunen. Det er ikkje gjort så langt.

MERKNADER/VURDERING:

Oversiktskartet i saksvedlegget har fått nokre stadnamn på feil plass. Harstveit er plassert på Saurbekkflåta og Mosvald på Harstveit. Med dette på plass gjev kartet ein grei illustrasjon og oversikt av det som blir berørt.

Kommunen har vedtatt ein eigen kommunedelplan for småskala kraftproduksjon. Den tok utgangspunkt i kartlegginga av potensialet NVE fekk utført, og den har vore grunnlaget for interessa som er skapt kring temaet og som så langt har resultert i nokre fullførte utbyggingar og nokre godkjente planar i tillegg.

Harstveitbekken var eit av prosjekta som var omtala og som har resultert i ei vellykka utbygging. I den låg enkelte tema som det kunne ligge mogelege konflikter i, men alt dette er løyst på ein måte som ein må kunne seie seg ganske godt nøgd med. Det som har vore litt ekstra krevjande er forholdet til felles drikkevassforsyning i Harstveitgrenda. Så langt ein har forstått er det blitt ordna opp i.

I kommunedelplanen for små kraftverk er ikkje Skrebekk omtala og løfta fram som eit eige aktuelt prosjekt. Følgeleg er det heller ikkje gjort vurderingar kring mogelege påverknader utbygging i den vil kunne ha på

omgjevnadene. Forklaringa er høgst truleg at kartlegginga var basert på utbygging i Skrebekken, og at det var ganske så urealistisk å satse på.

Når Harstveitbekken kraft søker om overføring av Skrebekk til Harstveitbekken blir det straks ein annan måte å disponere området på enn det som har vore tenkt så langt.

Det virkar fornuftig å bruke eksisterande installasjonar. Tiltak i sjølve Harstveitbekken blir det ikkje bortsett frå ei heving av inntaksdammen med 1 m og regulering av inntaket 1 m opp og 1 m ned i høve til dagens vannstand. Vidare auka minstevassføring frå 45 til 60 l/s i sommarhalvåret og reduksjon frå 45 til 15 l/s i vinterhalvåret.

Den synlege verknaden frå fylkesvegen vil ein ikkje få. Inntaksdammen ligg gøymt, og strekka med synleg fossefall vil vere på sitt mektigaste i flaumsituasjonar og etter kraftig nedbør.

Kraftverket har leigeavtale med fallrettseigarane for Harstveitbekken og sidebekker. Sidan Harstveitbekken renn ut i Gjøv på høgde med Haukenes blir Skrebekk å rekne som ein sidebekk til Harstveitbekken.

I revidert utgåve av kommuneplanen frå desember 2014 er det ikkje vist til kommunedelplanen for små kraftverk. Når prosjektet heller ikkje er omhandla der og det ikkje er gjeve føringar i kommuneplanens arealdel så langt det gjeld småskala kraftproduksjon, må ein gå vegen om ei planbehandling.

Ein er usikker på rekkefølga og kva som må vere på plass før NVE kan ta stilling til konsesjonssøknaden. Som nemnt tidlegare har søkar lova å ta opp forholdet til offentlege planar med kommunen, i det dei viser til § 7 i plan- og bygningslova. Det kapittelet handlar om regional planstrategi. Ein går ut frå at dei har site med litt forelda utgåve, for i lova som sist vart vedtatt er dispensasjon flytt frå § 7 til § 19, og at det er dette dei siktar seg inn mot.

Det mest naturlege ville vere at Harstveitbekken kraft AS søkte kommunen om dispensasjon frå LNF- føremålet i kommuneplanens arealdel, framfor å uttrykke velvilje til tiltaket i form av ein høyringsuttale.

Byggesaksbehandlar meinte å hugse at Kilandsfoss AS søkte om ein slik dispensasjon frå kommuneplanens arealdel. Det er derfor naturleg å følge same framgangsmåte også i denne saka.

Det bør også avklarast med søkar/konsesjonsstyresmakt kva som fell inn under evt. konsesjonssamtykke og kva som i tilfelle krev særskilt søknad/godkjenning (t.d. nyanlegg og oppgradering/ombygging av vegar)